

Lyngmo-Glytten 22. årgang – August 2013 Medlemsblad



# LYNGMO GLYT TEN



**"SOMMAR PÅ LYNGMO",  
... OG SNART ER DET TID FOR HAUSTLEIR!!**

## Helsing frå Lyngmo

Det er siste tysdag i august og strålende sol ute. Hafslavatnet ligg stille, nesten spegelblankt nedanfor Lyngmo. Inne på Lyngmo er det også stille. Dei siste etternølarane av campingturistane har akkurat rulla ut frå campingplassen.

Kontrastane er store på Lyngmo: No er det heilt stille. For nokre dagar sidan var det yrande liv: Med born som sprang i gangane, kiosk-kø, biljardspel på hemsen, song frå møtesalen og summing frå matsalen. Mange kjende lydar for deg som har vore på Lyngmo! Lydane kom frå arrangementa som har vore i sommar. Mange har vore innom på leir, Bibelcamping eller på familieleiren til Ungdom i Oppdrag. På det meste hadde me 160 gjester. Kjøkkengjengen, sommarvi-

karane, dugnadsfolk og fleksible gjester gjorde at dagane fungerte godt, sjølv med så fullt hus. For oss som jobbar var daga-



ne travle og fylt opp med matlaging, resepsjonsvakter, is-sal i kiosken og vasking ... mykje vasking! Eg likar det! Må innrømme at det ikkje alltid er like kjekt å vaske, men det er fantastisk å få leggje

til rette for desse arrangementa. Og få ønskja barn og vaksne, i ein fullstappa møtesal, velkomne til ei heil veke med fokus på familie, ekteskap, Jesus og mykje meir!

Dei stille dagane på Lyngmo varer heldigvis ikkje så lenge. Me har berre eit par rolege veker før me startar opp eit tett-pakka haustprogram med leirar for små og store, loppemarknad, Knøttekor, Torsdagsklubb, Småbarnstreff og til slutt julemiddagar for ungdom og vaksne! Me håpar at du har lyst til å vera saman med oss som deltar eller leiar på eit av arrangementa.

Velkommen til Lyngmo!

Helsing Kjetil

**Framsidedfoto:** Ungdom på Bibelcamp **Fotograf:** Endre Hilleren

## Sommarvikaren - Rut Marie Torstad

I perioden frå juni til august er det ekstra mykje å gjera her på Lyngmo; med mange turistar og fleire store arrangement. Soleis er me heilt avhengige av å få inn ekstra folk i denne perioden. Sommarvikarane har travle dagar og får mykje ansvar. Dei gjer ein kjempeflott jobb for at drifta på Lyngmo skal fungere!

Rut Marie er ein av dei fem sommarvikarane som har jobba her denne sommaren. Ho har dagpend-

**Hugs loppemarknad  
27. - 28. september!!**



Like us on  
**Facebook**

la frå Sogndalsdalen, nærare bestemt Torstad. Ein fremstedaling med andre ord!

Rut Marie har skrive nokre tankar rundt det å ha sommarjobb på Lyngmo:

*"Når eg skulle finne meg ein sommarjobb, var det eit viktig kriterie for meg at det var ein plass med eit godt arbeidsmiljø. Eg kjenner alle som jobbar her til dagleg, og veit at det er ein bra gjeng! Som sommarvikar har eg hatt veldig varierte arbeidsoppgåver, ein går ikkje fort lei. Dette er noko av det som gjer at eg ynskjer å jobbe her igjen neste sommar. I mellomtida skal eg flytta til Skien i 9 månader for å ta ein DTS. Disippeltreningsskule i regi av Ungdom i Oppdrag. Gler meg veldig til det! :) "*



Tusen takk til Rut Marie og dei andre sommarvikarane for jobben de har gjort i sommar!!

PS! Lyst på sommarjobb til neste år? Meld deg gjerne som interessert så snart som mogleg:)

## Bibelsommar i Vest anno 2013

Barnelatter, smilande fjes og god forkynnelse, slik kan årets Bibelcamp på Lyngmo oppsummerast. I år, som i fjor, kom det mange tilreisande til Bibelcampen. For oss som jobbar på Lyngmo er det ekstra kjekt å sjå igjen så mange kjente fjes frå tidlegare år, samstundes som det òg kjem nye til! Det var for slike typar arrangement Lyngmo vart bygd då ein byrja arbeidet her tilbake i 1965. Ein leirplass der folk skulle få oppleve eit godt fellesskap, med Jesus i sentrum.



Mi rolle som aktivitetsleiar under Bibelcampen, bestod av å tilby dei mange frammøtte eit variert og forhåpentlegvis kjekt program.

Her kan me nemna Olabil-løp, aktivitetsløyper, ballspel med meir. Med meg på laget hadde eg tre ungdomsarbeidarar (Maria Samnøy, Håkon Leirvik og Rune Bremset), som gjorde alt frå å gjennomføre kveldssamlingar for ungdommane til å vera med å skape god stemning heile veka igjennom! :)

Barne- og ungdomsarbeidar  
Endre Hilleren



## Leirtraveren

**Namn :** Alexander Rashid

**Kjem frå :** Sogndal, Kvam :)

**Alder :** 13

**Har du vore mange gonger på leir?**

30 gongar trur eg.

**Kva leir likar du best?**

Pangstart leiren.

**Kva var kjekkast på denne leiren?**

Kanotur til Holmen, og at me leikte Capture the flag.

**Synes du det er greit å lære noko om Jesus når du er på leir?**

Ja

**Kjem du att på leir i haust?**

Ja, det gjer eg!

**Tusen takk for intervjuet, Alexander! :)**



## Dette skjer på Lyngmo:

Me ønskjer velkomen på:

**Barnas songleir** er 22-24. nov og er ein leir for deg mellom 2 og 7. klasse. Dette er ein populær leir som inneheld mykje sang, leik og moro!

**16:30 leiren** er 8-10. november for deg mellom 16 og 30 år.

**Nyttårsleiren** er eit familiearrangement med godt tilrettelagt feiring for store og små. Feir det nye året med vener og kjende, herlig koldtbord, kaker og raketter. Overnatting, frukost og familiesamling 1.nyttårsdag. Masse kjekt for barna!

### September

13 - 15: Leir for 2-4 klasse  
20- 22: Internatmøte for kvinner.  
27- 28 Loppemarked

### Oktober

4-7: Leir for 5-7 klasse  
10-13: Leir for 7-10 klasse  
25: Haustbasar.

### November

8-10: Leir for 16-30 år  
22-24: Barnas songleir 2-7 klasse  
30: Juleverkstad: 4-12 år

### Desember

6: Julemiddag for vaksne  
21: Julemiddag for ungdom  
31: Nyttårsleir

Me tek gjerne imot  
**Gevinstar til haustbasaren**  
og  
**Lopper til loppemarknaden!**

## I bøn for Lyngmo



Me er så takknemlege for alle som er med i bøn for Lyngmo og for alt som skjer her.

No ynskjer me å spørje om forbøn for leirane som skal vere no i haust. Me håpar på opp mot 250 deltakarar som kjem til Lyngmo. Nærare 60 leiarar er nvolvert. Me ynskjer at alle skal bli bedre kjent med Jesus og ta imot alt han har for oss.

Ynskjer du å vere fast forbeder for ein leir og få informasjon om leiren tildelt, så ta gjerne kontakt!



En  
videoressurs  
utviklet av  
ImF-UNG



Gira på  
en andåkt?



preik.tv

**Returadresse:**

Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 12  
6869 Hafslø  
Telefon: 57684366

E-post: [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)  
Heimeside: [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)  
Gåvekonto: 3720.07.68427



*HAUSTLEIR LYNGMO 2013*

*2-4 klasse 13 - 15 september, pris 435,-*  
*5-7 klasse 4 - 7 oktober, pris 660,-*  
*7-10 klasse 10 - 13 oktober, pris 660,-*

*Bornas songleir (2-7 klasse)*  
*22-24 november, pris 570*

*Påmelding til [bua@lyngmoinfo.com](mailto:bua@lyngmoinfo.com)*  
*eller 57 68 43 66*

